



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/399 - 14/1192

Saksbehandlar:

Per Inge Olsen

per.inge.olsen@meland.kommune.no

Dato:

31.01.2014

## Oversending budsjett 2014 for Meland kommune

Meland kommune er under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60, og må difor sende budsjettet for 2014 til godkjenning hjå Fylkesmannen. Vedlagt følgjer såleis informasjon om budsjettet for 2014 til handsaming.

Meland kommune har utarbeidd eit ansvarleg budsjett for 2014 innanfor dei rammer som fylkesmannen trekk opp i sitt brev av 19.02.2013 med godkjenning av kommunen sitt budsjettvedtak for 2013. Hovudpunkta i budsjettet for 2014 er:

### 1. Inndekning av underskot.

Det er lagt opp til inndekning av alt akkumulert underskot kommunen har opparbeidd seg til og med 2011 med til saman kr 13,9 mill. Resterande underskot opparbeidd i 2012 på kr 4,2 mill er planlagt dekt inn i 2015.

### 2. Inntektsvekst

Meland kommune har nytta KS sin prognosemodell for berekning av ordnære skatteinntekter og rammetilskot. Ein sentral føresetnad i denne modellen er folketalsutviklinga. Meland kommune har hatt høg vekst i folketal dei siste åra, med ein gjennomsnitt siste 5 år på 3,6 %, frå 6.233 innbyggjarar pr 01.01.2008 til 7.347 pr 01.01.2013. Budsjettet føreset ein vidare vekst på 3,3 % til 7.590 innbyggjarar pr 01.01.2014, som og er nytta som grunnlagsdata i prognosemodellen.

Totalt budsjetterer kommunen med kr 370 mill i ordnære skatteinntekter og rammetilskot for 2014, ei auke på 7,8 % frå revidert budsjett 2013.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### 3. Eigedomsskatt

Fylkesmannen har tidlegare gått langt i å antyde at kommunen bør auke eigedomsskatten for å bidra til inndekning av tidlegare års underskot. Meland kommune har vedteke auke for bustader og fritidsbustader på 2 % til 5 % i budsjettet for 2014, noko som er rekna å auke inntekta med kr 6,7 mill kr til kr 22,9 mill i 2014 i forhold til revidert budsjett 2013.

### 4. Utbytte frå Meland Utviklingselskap AS og BKK

Kommunen sitt heileigde kommunale aksjeselskap har hatt eit særst godt år i 2013, og realistert solide gevinstar ved sal av eigedommar. Etter avklaringar med styret i selskapet og selskapets rekneskapsfører er forventat resultat etter skatt i selskapet for 2013 noko over kr 7 mill. Kommunen har såleis budsjettert med kr 7 mill i utbytte til utbetaling i 2014. Utbytte frå BKK er budsjettert på same nivå som for 2013.

### 5. Driftsgrunnlag i budsjettet for 2014

Meland kommune har i sitt arbeid med budsjettet for 2014 gjennomført ei grundig analyse av eigen drift, med særleg vekt på realistisk budsjettering av lønsutgifter i forhold til det driftsnivået kommunen har i dag. Det er lagt til grunn at driftsnivået frå hausten 2013 i stor grad vert ført vidare, trass i at veksten i folketal tilseier aktivitetsauke på fleire tenesteområde. Fylkesmannen påpeika i sitt brev av 19.02.2013 at det på grunn av meirforbruk i 2012 var naudsynt å ta ned driftsrammene i 2013. Meland kommune gjennomførte våren 2013 eit omfattande arbeid med reduksjon av kostnadane i driftsbudsjettet for 2013 med kring kr 10 mill. Driftsnivået hausten 2013 og det som ligg til grunn for budsjett 2014 er såleis monaleg lågare enn det som ein hadde i 2012.

Budsjettet for 2014 har ei netto driftsramme på kr 383 mill til alle tenesteområder ekskl. alle finanspostar, noko som er ei auke på kr 41 mill (8,9%) samanlikna med revidert budsjett for 2013 på kr 342 mill.

### 6. Utfordringar i budsjett 2014

Auken i driftsbudsjett er ulikt fordelt mellom tenesteområda, og størst er endringa på følgjande område:

#### a. Private barnehagar

Kommunen har budsjettert tilskot til private barnehagar på basis av varsla forskriftsendring om at rekneskap for kommunale barnehagar frå 2012 skal vere grunnlag for tilskotet i 2014. Pga. høge kostnader i dei kommunale barnehagane i 2012 inneber dette ei betydeleg auke i budsjett 2014 samanlikna med revidert budsjett for 2013. Auken er på kr 22,7 mill (eller 45 %) til kr 72,9 mill i 2014. Av dette er kring 10 mill aleine som følgje av den framlegget til endring i forskrift, resten som følgje av auke i talet på barnehageplassar.

Etter høyringsrunden vert likevel ikkje forskriftsendringa innført frå 1. jan 2014, men utsatt i eitt år. Posten er difor budsjettert for høg. Finrekning på kva som vert

det endelege tilskotet for 2014 til dei private barnehagar er ikkje gjort, men vi reknar med ei innsparing på kring kr 7,5 mill. Midlane vert ikkje fordelt til andre budsjettpostar, og kan såleis gå til nedbetaling av opparbeidd underskot ut over det som ligg i det vedtekne budsjett for 2014.

b. Sosiale tenester / NAV

På dette tenesteområdet aukar nettoramman med kr 3,2 mill (21 %) frå 2013 til 2014.

c. Meland Sjukeheim

Sjukeheimen har hatt eit betydelige meirforbruk i 2013. I tillegg vert kapasiteten auka når ny sjukeheimsfløy vert teke i bruk våren 2014. Totalt er difor den administrative nettoramman auka med 17 % eller kr 4,6 mill frå revidert budsjett 2013 til 2014.

d. Andre postar

Alle andre postar aukar med totalt 10,3 mill eller 4 % frå revidert budsjett 2013 til 2014. Dette skal dekke lønsauke, aktivitetsauke som følgje av folketalsauke på godt over 3 %, samt omlegging av momsrefusjonsordninga, som får ein direkte negativ effekt på driftsrammene frå revidert budsjett 2013 til budsjett 2014 på kr 1,3 mill. Vi opplever og stor kostnadsauke i interkommunale verksemder som IKT og Brannvern med til saman kring 2 mill som må dekkjast av den generelle rammeauken ein har til rådvelde.

e. Investeringar

Investeringsramman for 2014 er svært moderat, og fordelt slik:

- Generelle investeringar med kr 3,4 mill  
Finansiering med nye lån kr 1,8 mill og bruk av kapitalfond kr 1,6 mill
- Investeringar innan VA-området med kr 10,4 mill  
Finansiert fullt ut med nye lån.

I sum er budsjetttrammene for 2014 svært tronge, og inneber i praksis aktivitetsreduksjonar på fleire område.

Meland kommune har ikkje laga økonomiplan for perioden 2014-2017, og må såleis følgje gjeldande økonomiplan for perioden 2013-2016. Dette skuldast redusert kapasitet på økonomikontoret sommaren og hausten 2013 til å gjennomføre naudsynt planarbeid som grunnlag for utarbeiding av ein fornuftig økonomiplan. Omlegging av organisasjonsstrukturen frå og med 1. januar 2013 gjorde og at økonomiplanarbeidet ville vorte meir omfattande enn normalt.

Kommunen planlegg endring i prosessen for utarbeiding av økonomiplan, ved at dette arbeidet vert skilt frå budsjettarbeidet, og gjennomført på våren/forsommaren. Økonomiplan for perioden 2015 – 2018 skal difor vere ferdig i løpet av juni 2014. Vi kan då samstundes gjennomføre ein formell prosess og vedtak på økonomiplan for perioden 2014 – 2017.

Vi håper fylkesmannen kan akseptere dette som løysing på manglande utarbeiding av økonomiplan.

Mvh

Per Inge Olsen  
Økonomisjef

Vedlegg:

1. Budsjett 2014 – kommentarar, oversyn og detaljspesifikasjonar

Med helsing

Per Inge Olsen  
økonomisjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Budsjett 2014 - oppsummering og spesifikasjonar

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN